

Elevane sin rett til trygt og godt miljø gjeld både i skule, leksehjelp og SFO.

Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeider i skulen og alle som samarbeider fast med skulen og elevane.

Døme: PPT, helsesøster, vaktmeistrar og reinhaldspersonale.



Kva gjer du om du er uroleg for skulemiljøet til ditt barn:

1. Varsle skulen ved kontaktlærer eller rektor så snart som råd. Fortel kva du er bekymra for så detaljert du kan.
2. Rektor set i gang ein aktivitetsplan med undersøking av saka og trygging av barnet/barna.
3. Samarbeid med skulen om gode tiltak som kan hjelpe. Dersom skulen ikkje i løpet av **ei veke**, etter at du varsla har sett i gang arbeid med saka, kan du klage til Fylkesmannen. Dette gjeld også dersom du meiner at **skulen ikkje har gjort nok** for å stanse krenkingane. Fylkesmannen vil då undersøke saka og gjere vedtak om korleis skulen skal jobbe med saka vidare.

Kven kan hjelpe elevar, foreldre og skule med å løyse saka?

1. Skulen ved rektor er ansvarleg for at saka vert løyst på skulen.
2. Dei største skulane i Herøy har eit eige Innsatsteam som skal hjelpe rektor i arbeidet for å undersøke og løyse saka.
3. Beredskapsteam mot mobbing i Herøy. Kan hjelpe skulen og foreldra med å undersøke og løyse vanskelege saker.



Korleis kan foreldre bidra til skape godt miljø i klassa:

1. Ver inkluderande – støtt barna i å ta med alle i leik. Nokre barn treng at vi er tydeleg vaksne som hjelper dei å meistre samspel.
2. Ikkje aksepter at nokon ikkje får vere med.
3. Ikkje overlat til ungane å ordne opp.
4. Ver merksam på signal om at ditt eller andre sine barn ikkje har det bra eller får vere med i leik/samspel. Varsle foreldre/ skule dersom du er bekymra.
5. Samarbeid med andre foreldre om trivsel for alle barn i klassa/nærmiljøet.
6. Samarbeid med skulen om trivselstiltak for elevane.
7. Snakk godt om andre barn, foreldre og skulen.

Kontaktinfo til hjelpetenester utanfor skulen:

PPT: 70081740

Helsestasjon: 70081450

Herøy Kommune:70081300

Beredskapsteam mot mobbing Herøy:

Grete Dalhaug Berg –
PPT

Olga Eggesbø – PPT
Elisabeth Lillestøl – PPT
Hilde Hestås – Fagleiar
Oppvekst



**Alle elevar har rett til eit trygt
og godt fysisk og psykososialt
miljø som fremjar helse, trivsel
og læring.** *Opplæringslova § 9 A - 1*



§ 9 A – 4 Aktivitetsplikten:

1. Plikt til å følgje med.
2. Plikt til å gripe inn.
3. Plikt til å varsle.
4. Plikt til å undersøkje.
5. Plikt til å iverksetje tiltak og evaluere.